

## STYRESAK

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Helse Førde HF

**DATO:** 18.10.2016  
**SAKSHANDSAMAR:** Halfdan Brandtzæg  
**SAKA GJELD:** **Budsjettarbeid 2017**

**ARKIVSAK:** 2016/3999  
**STYRESAK:** **059/2016**

**STYREMØTE:** **28.10.2016**

---

### FORSLAG TIL VEDTAK

Styre tek til vitande at Helse Førde har ei uløyst utfordring på 50 millionar kroner så langt i budsjettarbeidet, og ber administrerande direktør arbeide vidare med å sikre dei langsiktige budsjettføresetnadene.

## Oppsummering

Saka er meint å gje styret ei orientering om status i arbeidet med driftsbudsjett for 2017, og dei utfordringane organisasjonen står overfor for å få eit resultat som støttar tidlegare drifts- og investeringsvedtak.

## Fakta

Styret har i tidlegare vedtak lagt føringar på kva resultatutvikling Helse Førde må leggje opp til i åra framover. Særleg vil gjennomføring av arealplanen for Førde sentralsjukehus krevje at vi aukar rekneskapsresultatet. Framtidige driftsresultat er innarbeidde i langtidsbudsjettet for 2017 til 2021 som styret vedtok i mai. I den saka blei det gjort greie for korleis ulike rekneskapspostar må utvikle seg for å nå kravet. Det blei og gjort greie for at det var behov klinikkane har meldt inn som det ikkje var mogleg å prioritere. I juni fekk klinikkane ny ramme med innarbeidde innsparingskrav. Samla vil klinikkbudsjett innanfor den ramma setje Helse Førde i stand til å gjennomføre styrets vedtak.

## Kommentarar

Driftssituasjonen i år gjer det krevjande å lage eit budsjett som set Helse Førde i stand til å gjennomføre tidlegare styrevedtak. Så langt i 2016 har inntektene frå pasientbehandlinga i dei somatiske klinikkane vore vesentleg lågare enn planlagt. I budsjettet for 2017 legg dei somatiske klinikkane opp til 22 millionar kroner lågare inntekter frå pasientbehandling enn i budsjettet for inneverande år. I budsjettet for 2016 vidareførte vi aktiviteten frå 2015. Om vi i staden ser på gjennomsnittleg aktivitet dei siste fem åra, er det naturleg å justere ned venta aktivitet i 2017.

På kostnadssida har klinikkane område dei meiner må styrkast. Det er til dømes kostnader til kreftmedikament, kostnader som kompensasjon for implementering av store regionale prosjekt osv. Dei somatiske klinikkane har per i dag meldt inn i underkant av 50 millionar kroner i uløyste utfordringar. I tillegg er det uvisse knytt til legemiddelkostnader som det kan vere lagt inn for lite buffer for. Vi ventar at dei to andre klinikkane vil komme i mål med eit budsjett innanfor den tildelte ramma utan større strukturelle tiltak. Det er no ein diskusjon om kor mykje av dei innmelde behova som må handterast som endringar i 2017- budsjettet.

Samla syner dette at driftskostnadene må justerast ned. Dei somatiske klinikkane har så langt i lita grad kome med forslag til korleis det skal gjerast på kort sikt. Klinikkane er urolege for kva negative konsekvensar kortsiktige tiltak vil ha på arbeidet som skjer parallelt i regi av pasientens helseteneste. Samstundes er det uklart når vi får ein effekt av dette arbeidet på kostnadene våre. Vi er i ferd med å innarbeide kva økonomiske rammer prosjekta skal løyse oppdraga sine innanfor, i mandata i pasientens helseteneste. Det at arbeidet ikkje har kome skikkeleg i gang, gjer det krevjande å slå fast når effektane vil manifestere seg og er difor vanskeleg å talfeste i budsjettet.

Vår vurdering av statsbudsjettet er at det ikkje kjem auka tilskot som vil lette problema vi har. Vidare gjer krav som «gyldne regel» at handlingsrommet blir mindre.

**Konklusjon**

Helse Førde arbeider vidare med å lage eit budsjett som gjer at føretaket kan gjennomføre gjeldande styrevedtak. Det blir gitt ein kort orientering om arbeidet i styremøtet.